


**Protokollar**  
**2008**  
**Styre og**  
**Rep. skap for**  
**VØR**



## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 18.06.09 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 15.30. Møtet slutta kl. 17.15

Desse møtte:

Arnfinn Dahl (leiar), Gunhild Humberstet, Nils Trovåg, Jostein O. Mo og Wenche Volle

Anne Britt Aambø Halleråker, Per Kåre Nesset, Signe Turid Barstad og Astrid Gjersdal melde avbod. Reidun Heimen Heltne, Kjell Tore Aarstad, Kari Aamaas vart kalla inn men kunne ikkje møte. Gunnhild Humberstet møtte som vara for Per Kåre Nesset. Wenche Volle møtte til handsaming av sak 08-09.

Ivar Aarskog møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen.  
Arnfinn Dahl leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Gunnhild Humberstet og Nils Trovåg vart valt til å skrive under møteboka.  
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### **Repsak: 05-09. Godkjenning av årsmelding 2008**

#### **Vedtak( 4 røysteføre)**

Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding for 2008 dagsett 31.03.09 slik den ligg føre.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

### **Rep.sak nr 06-09: Godkjenning av rekneskapen for 2008**

#### **Vedtak( 4 røysteføre)**

Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.

Representantskapen vedtek å disponere resultatet slik:

Overskot frå hushaldningsrenovasjon stor kr 1.165.397,- vert overført til bunde fond for hushaldningsrenovasjon.

Overskot frå utleige stor kr 559.365,- vert overført til anna eigenkapital.

Overskot slamhandsaming kr 433.944,- vert overført til bunde fond slamhandsaming.

Overskot brann stor kr 8.301.086,- vert overført fond for reinvestering etter brann.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

## Rep.sak: 07-09 Økonomiplan 2010 - 2013

### Vedtak( 4 røysteføre)

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2010 – 2013.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år</i>	<i>Investering</i>
a) Ny Miljøstasjon 2010 med utvida opningstid	Kr 60,-	Kr 4.000.000,-
b) Grunnkjøp for å sikre areal til omlasting av avfall og handsaming av hageavfall i 2010.	Kr 29,-	Kr 4.000.000,- ( Stipulert tal)
c) Opparbeiding av omlastings-stasjon for våtorganisk avfall i 2011 / hageavfall	Kr 70,-	Kr 5.000.000,-
d) Utskifting av nokre papirdunkar til 240 l behaldar i 2011	Kr 60,- Kr 25,- av dette er berre år 1.	Kr 1.000.000,-
e) Kjøp og utplassering av tredje avfallsdunken til våtorganisk avfall i 2011	Kr 70,- Kr 25,- av dette er berre år 1.	Kr 1.500.000,-
f) Full drift matavfallinnsamling 2012	Kr 200 / kr 45,-	Kr 3.500.000,- / 2.000.000,-
g) Etablering av ombruksverkstad	Kr 75,-	Kr 5.000.000,-

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

## REP.SAK 08-09. ORIENTERING OM VØR PR JUNI 2009.

Dagleg leiar orienterte.

Rett utskrift 18.06.09

Arnfinn Dahl  
Leiar

Gunhild Humberset

Nils Trovåg

Petter Bjørdal  
referent

## MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 13.11.08 på Miljøstasjonen.  
Møtet tok til kl. 16.30. Møtet slutta kl. 18.10

Desse møtte:

Arnfinn Dahl (leiar), Per Kåre Nasset, Astrid Gjersdal, Signe Turid Barstad, Nils Trovåg,  
Jostein O. Mo, Wenche Volle

Anne Britt Aambø Halleråker melde avbod. Reidun Heimen Heltne vart kalla inn men kunne ikkje møte.

Ivar Aarskog møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen.  
Arnfinn Dahl leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Jostein Mo og Wenche Volle vart valt til å skrive under møteboka.  
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

### REP.SAK NR 05-08: ØKONOMIPLAN 2009-2012

#### Vedtak( 7 røysteføre)

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2009 – 2012.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Grunnkjøp for å sikre areal til omlasting av avfall og handsaming av hageavfall i 2009. ( Utsett frå 2008)	Kr 0,-	Kr 3.000.000,- ( Stipulert tal)
b) Etablering av omlastingsstasjon for våtorganisk avfall 2010 ( Utsett frå 2009)	Kr 30,-	Kr 5.000.000,-
c) Kjøp av tredje avfallsdunken til våtorganisk avfall i 2009	Kr 30,-	Kr 2.000.000,-

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

### R.SAK 06-08. BUDSJETT 2009 - VØR

#### Vedtak( 7 røysteføre)

Representantskapen i VØR rår kommunestyra i Volda og Ørsta til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 13 mars 1981, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2009.

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:	Eks mva	Inkl mva
a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1650,00	kr 2062,50
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 1900,00	kr 2375,00
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3385,00	kr 4231,25

d) Standardhushald med kompostering		
Henting annakvar veke 140 L	kr 1500,00	kr 1875,00
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar,		
Henting annakvar veke 140L; pr abonnent	kr 1550,00	kr 1937,50
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar,		
Henting kvar veke 140L; pr abonnent	kr 1700,00	kr 2125,00
g) Samarbeid 240L eller større,		
Henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 1800,00	kr 2250,00
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 635,00	kr 793,75
i) Renovasjon hyblar	kr 950,00	kr 1187,50
j) Henteavtale kvar veke	kr 410,00	kr 512,50
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 255,00	kr 318,75
1.2. Pris pr kolli sekk:	kr 40,00	kr 50,00
1.3 SLAM		
HEILÅRSBUSTAD.	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 heilårsbustad	kr 767,00	kr 958,75
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1215,00	kr 1518,75
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1812,00	kr 2265,00
d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,00	kr 450,00
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3	kr 290,00	kr 362,50
FRITIDSBUSTAD		
g) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 383,00	kr 478,75
h) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 607,00	kr 758,75
i) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 880,00	kr 1100,00
j) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
k) Gebyr pr m3 over 4,5	kr 360,00	kr 450,00

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

#### **REP.SAK 07-08. ORIENTERING OM VØR PR NOVEMBER 2008.**

##### **Vedtak( 7 røysteføre)**

Representantskapen tar orienteringa til vitande.

Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

#### **REP.SAK 08-08. VAL AV VARA TIL STYRET.**

##### **Vedtak( 7 røysteføre)**


1. Representantskapen gjer om inkje vedtak i sak 02-08 for det som vedkjem val av Jostein Bjørdal som vararepresentant frå Ørsta til styret i VØR.

2. Representantskapen vel i tråd med vedtektene for selskapet § 8, Pauline Vinjevoll som personleg varamedlem for Aase Margrethe Leite til styret for VØR.


Handsaminga.


Samrøystes i tråd med forslag frå Wenche Volle.

Rett utskrift 13.11.08

  
Arnfinn Dahl  
Leiar

  
Jostein Mo

  
Wenche Volle

  
Petter Bjørdal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR onsdag 15.04.09 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Roald Espset

Magnar Lid

Arnfinn Dahl

Idar Flo og Aase Margrete Leite melde avbud. Roald Espset møtte som vara for Idar Flo. Pauline Vinjevoll var kalla inn som vara for A.M. Leite, men hadde ikkje høve til å møte. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet. Møtet starta med synfaring til Alida og på uteområdet til VØR. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

### SAKLISTE:

#### **Sak 06-09. Godkjenning av protokoll frå siste styremøte.**

Vedtak ( 4 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå siste møte slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

#### **Sak: 07-09. ÅRSMELDING 2008**

Vedtak ( 4 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen godkjenner den framlagde årsmelding for 2008 dagsett 15.04.09 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke under førestnad om revisorgodkjenning. Dagleg leiar vert beden om å undersøkje med revisor om erstatning for brannen, som er ei ufrivillig realisering av verdiar, kan førast direkte i balansen og utanom resultatkonto.

#### **Sak nr 08-09: Godkjenning av rekneskapen for 2008.**

Vedtak ( 4 røysteføre)

Saka vert utsett.

Handsaminga:

Ivar Aarskog gjorde framlegg om at saka vart utsett. Det vart samrøystes vedteke. Dagleg leiar vert beden om å undersøkje med revisor om erstatning for brannen, som er ei ufrivillig realisering av verdiar, kan førast direkte i balansen og utanom resultatkonto.

Administrasjonen la fram korrigert råbalanse med 2 gruppesummar på møtet.

Administrasjonen sitt forslag til vedtak:

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Vedtaket er gjort under førestnad av revisorgodkjenning.

Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.

Representantskapen vedtek å disponere resultatet slik:

Overskot frå hushaldningsrenovasjon stor kr 1.165.397,- vert overført til bunde fond for hushaldningsrenovasjon.

Overskot frå utleige stor kr 559.365,- vert overført til anna eigenkapital.

Overskot slambehandling stort kr 433.944,- vert overført til bundne fond slambehandling.

Overskot brann stort kr 8.301.086,-vert overført fond for reinvestering etter brann

**Sak: 09-09. Rekneskap 2009– etterkontroll av avdelingsvis fordeling.**

Vedtak ( 4 røysteføre)

Styret tar saksutgreiinga til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak: 10-09. Kjøp av tilleggsareal**

Vedtak ( 4 røysteføre)

Styret ber styreleiar og dagleg leiar forhandle om kjøp av tilleggsareal som omtalt. Resultatet frå forhandlingane vert å legge fram for styret til godkjenning.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

**Sak nr 11-09 Referatsaker**

Dagleg leiar orienterte om:

- Tibodsprosess oppattbygging av Miljøstasjonen – muntleg orientering
- Prosjekteringsanbod inklusiv utlysing i Doffin
- Deltakarar – synfaringar og orienteringsmøter om behov
- Tilbodsfrist
- Vidare prosess -styrehandsaming og konsekvensar for økonomiplan  
Det vert nytt styremøte som skal ta stilling til byggentrepenør i månadsskiftet mai-juni.
- Aksjekjøp KMS - bruk av forkjøpsrett – framlegging av notat
- Orientering om drifta i VØR:
- Innsamling – ny bil – oppattmerking av dunkar
- Status scanning av arkiv – kontroll av abonnemntdatabase
- Ryddeaksjon på bygdene
- Ryddeaksjon i sentrum
- Påbygging av lager / vaskehall
- Montering av brannvarslingsanlegg
- Montering av tjuverialarm og redusert forsikringspremie
- Utskifting av hovudtavle
- Ominnreiing og brannsikring av gammalt og nytt bygg



- Oppussing av garderobe
- Møte hos Tenden Container og Gjenvinning den 17.04.09

Rett utskrift 15.04.09




Ivar Aaskog  
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel



Roald Espset



Magnar Lid



Petter Bjørdal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 16.12.08 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 18.00

Møtet slutta kl 20.20

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Magnar Lid

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal som førte møteboka. Ann Britt Våge Fannemel kunne ikkje møte. Vara Bodil Svepstad vart kalla inn, hadde heller ikkje høve til å møte. Ivar Aarskog leia møtet. Innkalling og sakliste vart godkjend.

### SAKLISTE:

#### **SAK 30-08 GODKJENNING AV PROTOKOLL 04.09. OG 15.09.08**

VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE).

Styret godkjenner protokollar av 04.09 og 15.09.

Handsaminga

Samrøystes vedteke.

#### **SAK: 31-08. REKNESKAPEN PR 31.08. OG 31.10. 08 – MELDING TIL STYRET**

VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE).

Styret tar rekneskapsrapporten pr 31.08 og 31.10 til vitande.

Handsaminga.

Samrøystes vedteke.

#### **SAK: 32-08. GODKJENNING AV LØNSOPPGJERET 2008. Unnateke off.l. §**

VEDTAK ( 3 RØYSTEFØRE).

Styret godkjenner den framlagde protokollen frå møte med Fagforbundet den 18.08.08 slik den ligg føre.

VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE).

Styret godkjenner einsidig protokoll dagsett 24.11.08 slik den ligg føre.”

Handsaminga.

Samrøystes vedteke. Tilsettere representant Magnar Lid gjekk frå under handsaming av protokoll med fagforbundet. Petter Bjørdal gjekk frå under handsaming av einsidig protokoll.

## SAK 33-08 OPPATTBYGGING AV MILJØSTASJON.

VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE).

### Styret rår rep.skapen til å gjere slikt vedtak:

- 1a. Representantskapen vedtek å bygge opp att Miljøstasjonen som stålbygg og med plan og fasadeløysing som synt i skisseprosjekt, innafør ei ramme på kr 17 mill.
- b. Tiltaket vert å finansiere med erstatningsutbetaling frå IF og lån stort kr 5.200.000,-
- 2a. Styret ber administrasjonen om at arbeidet med prosjektering vert starta opp snarast, og ber dagleg leiar om å engasjere arkitekt / rådgivande bygningskonsulent.

Handsaminga.


Samrøystes vedteke. Styret fremja nytt fellesframlegg som alternativ til 1a og 2 frå dagleg leiar. Forslaget frå dagleg leiar pkt 1a og 2 fall. Punkt 1a og b går vidare til handsaming i rep.skapen.

## SAK NR 34-08 REFERATSAKER


Følgjande saker vart referert

- Levering fra Brønnøysundregistra
- EU har vedteke nytt rammedirektiv for avfall
- Nasjonal Farleg Avfall Kampanje oktober 2009
- Forsikringsoppgjær Kobelco, Jcb 416 B, TCM Truck, Papirpresse, Maskiner og lausøyre, Bygning. Totalt kr 11.855.979,-
- Diverse avisutklipp vedk renovasjonsgebyr og SSR
- Interkommunalt renovasjonsselskap for Nordre Sunnmøre
- Opsjon med REKOM utløyst på restavfallet. Unnateke off.l. § 5
- Referat frå samtalar med SSR


Rett utskrift 16.12.08



Ivar Aaskog  
Styreleiar



Aase Margrete Leite



Idar Flo



Magnar Lid



Petter Bjørdal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR mandag 15.09.08 på Miljøstasjonen, etter at eit fellesmøte med styret i SSR var avslutta.

Møtet tok til kl. 20.00

Møtet slutta kl 20.20

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Magnar Lid

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal som førte møteboka. Leiar i rep. skapen Arnfinn Dahl var orientert om ekstramøtet, men deltok ikkje på møtet.

Ivar Aarskog leia møtet. Innkalling og sakliste med sak 29-08 vart godkjend.

### SAKLISTE:

#### SAK 29-08 SAMANSLÅING MED SSR.

VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE).

1. Styret vedtek å arbeide vidare med sak vedkomande eventuell samanslåing med SSR
2. Styret vel følgjande representantar i ei arbeidsgruppe som skal utarbeide framlegg til avtale mellom selskapa: Ivar Aarskog og Ann Britt Våge Fannemel. Dagleg leiar er sekretær for arbeidsgruppa.
3. Arbeidsgruppa får fullmakt til å innhente ekstern hjelp.

Handsaminga.

Samrøystes vedteke etter fellesframlegg.



Rett utskrift 15.09.08



Ivar Aaskog  
styreleiar




Ann Britt Våge Fannemel




Idar Flo



Aase Margrete Leite



Magnar Lid



Petter Bjørdal referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tirsdag 04.09.08 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl 18.00

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Magnar Lid

Arnfinn Dahl - leiar i rep.skapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet.

Innkalling vart godkjend med merknad frå Idar Flo om kort innkalling.

Ann Britt Våge Fannemel fremja forslag på at sak nr 21-08 som vart handsama på møte den 05.08.08 skulle settast opp på saklista. Forslaget fall mot ei røyst. ( Ann Britt Våge Fannemel)

Leiar fremja framlegg om ny sak på saklista, sak 28-08. Jubileumsarrangement.

Sakliste med sakene 26 til 28 vart godkjent. Magnar Lid fekk permisjon kl 16.00, og deltok ikkje i handsaming av sak 27-08.

### SAKLISTE:

#### SAK 26-08 VAL AV VARA TIL FORHANDLINGSUTVALET.

VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE).

1. Vedtak i sak 15-08 vert gjort til inkje.
2. Styret vel Aase Margrete Leite ( leiar) med Ivar Aarskog som personleg vara og Idar Flo ( nestleiar) med Ann Britt Våge Fannemel som personleg vara til forhandlingsutval.  
Forhandlingsutvalet får på vegne av VØR fullmakt til å forhandle om løns og arbeidsspørsmål med dei tilsette og deira organisasjonar i denne styreperioden.

Handsaminga

Ivar Aarskog fremja framlegg på Magnar Lid som ugild. Han vart samrøystes kjend ugild og gjekk frå under handsaming av saka

Ann Britt Våge Fannemel fremja framlegg om at vedtak i sak 15-08 vart gjort til inkje.

Deretter fremja ho framlegg om slikt vedtak:

Styret vel Aase Margrete Leite ( leiar) med Ivar Aarskog som vara og Idar Flo ( nestleiar) med Ann Britt Våge Fannemel som vara til forhandlingsutval.

Forhandlingsutvalet får på vegne av VØR fullmakt til å forhandle om løns og arbeidsspørsmål med dei tilsette og deira organisasjonar i denne styreperioden.

Vedtaket samrøystes i tråd med tilråding frå Ann Britt Våge Fannemel

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak.

Styret vel med visning til sak 15-08 disse personane som personlege varamedlemar til forhandlingsutvalet:

Ivar Aarskog er vara for Aase Margrete Leite  
Ann Britt Våge Fannemel er vara for Idar Flo

**SAK 28-08 Jubileumsarrangement**

VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE).

Styret vedtek å arrangere fellesarrangement med dei tilsette for å markere at det er 20 år sidan VØR vart oppretta. Tilstellinga vert å arrangere innafor ei ramme på kr 100.000,-  
Detaljar vert å kome tilbake til.

Handsaminga.

Leiar las opp eit brev frå dei tilsette.

**SAK 27-08. FØREBUING AV FELLESMØTE MED SSR**

Handsaminga

Saka var ei drøftingssak, og vart derfor ikkje realitetshandsama.


Rett utskrift 04.09.08


  
Ivar Aaskog  
styreleiar

  
Ann Britt Våge Fannemel

  
Aase Margrete Leite

  
Idar Flo

  
Magnar Lid

  
Petter Bjørdal referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tirsdag 05.08.08 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl 19.45

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Magnar Lid

Arnfinn Dahl - leiar i rep.skapen

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet. Innkalling og sakliste med sakene 15 til 25 vart godkjent uten merknader. Referatsaka vart ført opp til slutt på saklista.

### SAKLISTE:

#### **SAK 15-08 VAL AV FORHANDLINGSUTVAL.**

VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret vel Aase Margrete Leite ( leiar) og Idar Flo til forhandlingsutval. Forhandlingsutvalet får på vegne av VØR fullmakt til å forhandle om løns og arbeidsspørsmål med dei tilsette og deira organisasjonar i denne styreperioden.

Handsaminga

Det kom inn forslag på Aase Margrethe Leite, Idar Flo, Ann Britt Våge Fannemel, Ivar Aarskog og Magnar Lid. Etter debatten trekte Magnar Lid sin kandidatur.

Under avrøystinga vart det gitt slike stemmer. Aase Margrethe Leite – 5 røyster, Idar Flo -3 røyster, Ann Britt Våge Fannemel – 2 røyster , Ivar Aarskog 1 røyst.

Ved val av leiar fekk Leite 4 røyster og Flo 1 røyst.

#### **SAK 16-08 BRANN PÅ MILJØSTASJONEN. STATUS OG VIDARE SAKSGANG.**

VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret tar orienteringa om nosituasjonen til vitande. Dagleg leiar får fullmakt til å starte projektering av ny miljøstasjon og bygg for ny sorteringslinje for papir så snart dette er mogleg. Endelege planar vert å legge fram for styret til godkjenning.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

#### **SAK 17-08. SØKNAD OM TILSKOT TILSTELLING / AVSLUTNING VED ÅMBØHOLA.**

VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret for VØR syner til søknad frå Ørsta Kommune dagsett 22.05.08, og vedtek å gi refusjon oppover avgrensa til kr 500.000,- inkl mva til tilstelling / avslutning av det nedlagde avfallsdeponiet ved Åmbøhola. Dekning kto 2021 - Fond etterdriftstiltak deponi. Utbetaling som følgje av vedtaket, føreset at der ligg føre rekneskap for tiltaket.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med endra tilråding.

**SAK 18-08 KJØP AV DIESEL FOR TILSETTE.**  
VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret tar saka til vitande.

Handsaminga

Samrøystes etter fellesframlegg.

**SAK 19-08 DELTAKING I KS SITT KONTAKTUTVAL FOR AVFALLSSEKTOREN.**  
VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret vedtek å delta i KS sitt kontaktutval for avfallssektoren.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

**STYRESAK 20-08 ØKONOMIPLAN 2009-2012**  
VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret rår representantskapen til å vedta slik økonomiplan for VØR for perioden 2009 – 2012.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år Investering</i>	
a) Grunnkjøp for å sikre areal til omlasting av avfall og handsaming av hageavfall i 2009. ( Utsett frå 2008)	Kr 0,-	Kr 3.000.000,- ( Stipulert tal)
b) Etablering av omlastingsstasjon for våtorganisk avfall 2010 ( Utsett frå 2009)	Kr 30,-	Kr 5.000.000,-
c) Kjøp av tredje avfallsdunken til våtorganisk avfall i 2009	Kr 30,-	Kr 2.000.000,-

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

**SAK 21-08 BUDSJETT 2009.**  
VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:



1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2009.

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:	Eks mva	Inkl mva
a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1650,00	kr 2062,50
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 1900,00	kr 2375,00
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3385,00	kr 4231,25
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1500,00	kr 1875,00
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting annakvar veke 140L; pr abonnent	kr 1550,00	kr 1937,50
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting kvar veke 140L; pr abonnent	kr 1700,00	kr 2125,00
g) Samarbeid 240L eller større, Henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 1800,00	kr 2250,00
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 635,00	kr 793,75
i) Renovasjon hyblar	kr 950,00	kr 1187,50
j) Henteavtale kvar veke	kr 410,00	kr 512,50
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 255,00	kr 318,75

1.2. Pris pr kolli sekk: kr 40,00 kr 50,00

### 1.3 SLAM

#### HEILÅRSBUSTAD.

	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 heilårsbustad	kr 767,00	kr 958,75
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1215,00	kr 1518,75
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1812,00	kr 2265,00
d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,00	kr 450,00
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3	kr 290,00	kr 362,50

#### FRITIDSBUSTAD

g) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 383,00	kr 478,75
h) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 607,00	kr 758,75
i) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 880,00	kr 1100,00
j) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1534,00	kr 1917,50
k) Gebyr pr m3 over 4,5	kr 360,00	kr 450,00

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

### **SAK 22-08 SAMANSLÅING MED SSR.**

#### **VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Styret syner til saksutgreiinga, og takkar ja til invitasjonen frå styreleiar i SSR om eit fellesmøte i september.

Styret ber om at administrasjonen til dette møtet utgreier vidare saka med sikte på å få til eit felles interkommunalt avfallsselskap for Søre Sunnmøre.

Handsaminga

Aase Margrete Leite fremja slikt framlegg:

Styret syner til saksutgreiinga, og takkar ja til invitasjonen frå styreleiar i SSR om eit fellesmøte i september.

Styret ber om at administrasjonen til dette møtet utgreier vidare saka med tanke på om det er tenleg for VØR å gå inn i eit interkommunalt avfallsselskap for Søre Sunnmøre.

Ved avrøysting fekk tilrådinga frå administrasjonen 3 røyster, medan forslaget frå Leite fekk to røyster og fall.

### **SAK 23-08 KJØP AV BIL. VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)**

Styret vedtek med visning til uhell den 16.07.08 og påfølgjande vraking av UF19128, å kjøpe erstatningsbil innafor ei ramme på kr 930.000,-

Dagleg leiar får fullmakt til å gjennomføre handelen.

Finansiering: Forsikringserstatning for UF 19128, og meir inntekt frå sal av hjullastar og Kobelco gravemaskin.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

### **SAK 25-08 VAL AV VARA TIL STYRET.**

VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Styret syner til lov om interkommunale selskap § 10 om representasjon av begge kjønn, og ber representantskapen om å gjere nytt val av varamedlemar frå Ørsta.

Dette slik at kvart kjønn er representert med to.

Handsaminga


Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

### **SAK:24-08. REFERATSAKER:**

Følgjande saker vart referert:

- Notat vedkomande studietur 31.08 – 01.09.08.

Rett utskrift 05.08.08



Ivar Aaskog  
styreleiar



Aase Margrete Leite



Magnar Lid



Ann Britt Våge Fannemel



Idar Flo

Petter Bjørdal referent



# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR mandag 30.06.08 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 17.45

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Magnar Lid

Aase Margrethe Leite

Idar Flo og Arnfinn Dahl melde avbod. Vara kunne ikkje møte. Frå administrasjonene møtte Petter Bjørdal som også førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet. Sakliste vart godkjend. Først i møtet var det synfaring på brannstaden ute på anlegget. Petter Bjørdal orienterte. Under referatsakene vart det utover dei sakene som var varsla på førehand tatt med muntleg orientering frå eigarsamling i Retura Midtnorge den 03.06.08. I tillegg hadde Ann Britt Våge Fannemel eit spørsmål omkring partnerskapsavtale med 7 klassene i grunnskulen. Etter møtet var det sommaravslutning for styret med mat på Mama Mia i Ørsta.

### SAKLISTE:

#### **SAK: 11-08. REKNESKAPEN PR 30.04.08 – MELDING TIL STYRET**

##### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret tar rekneskapsrapporten til vitande.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med endra tilrådinga.

#### **SAK: 12-08. KVALITETSSIKRING AV ABB.REGISTER OG INNSAMLING AV HUSHALDNINGSAVFALL.**

##### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret tar saka til vitande, og ber om at investering av slikt utstyr vert å vurdere i samband med innføring av kildesortering av matavfall.

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med endra tilrådinga.

#### **SAK:13-08. INNSAMLING AV MATAVFALL – VIDARE FRAMDRIFT.**

##### **VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)**

Styret tar saka til vitande

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med endra tilrådinga.

**SAK:14-08. REFERATSAKER:**


Følgjande saker vart referert:


- Handlingsplan 2008-2011
- Anskaffelsesprotokoll kjøp av bil
- Anskaffelsesprotokoll kjøp av diesel. Styret ber om sak vedkomande privat kjøp av diesel til dei tilsette til neste møte
- Fagtur København i regi av Avfallsforum Møre og Romsdal i september. Styret reiser.
- Besøktal heimesida
- Revidert avtale med Elretur AS
- Plastemballasje fra hushaldningar – brev Avfall Norge
- Fagtur Lillehammer og Hallingdal– muntleg orientering. Styret ynskjer at dette skjer i v.36.
- Muntleg orientering frå eigarmøte i Retura 03.06.08.
- Spørsmål frå Ann Britt Våge Fannemel omkring partnerskapsavtale med 7 klassene i grunnskulen om innsamling av drikkekartong.
- Synfaring og diskusjon omkring konsekvensane av brannen på VØR.


Rett utskrift 30.06.08

  
Ivar Aaskog  
styreleiar

  
Ann Britt Våge Fannemel

  
Aase Margrete Leite

  
Magnar Lid

  
Petter Bjørdal  
referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 24.04.08 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 16.30

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Idar Flo

Magnar Lid

Arnfinn Dahl

Aase Margrethe Leite møtte ikkje. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, Ivar Aarskog leia møtet. Petter Bjørdal førte møteboka.

Sakliste godkjend med tillegg av sak 10-08. Likeins vart referatsak vedkomande plastinnsamling, klipp frå Smp 21.04 lagt fram som referatsak.

### SAKLISTE:

#### SAK 09-08: OMBYGGING TIL LAGER- VASKEHALL.

Styret vedtek å iverksette kontraktsforhandlingar med Ivar Aambakk AS i tråd med tilråding frå råd.ing. Per Mulvik AS.

Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å godkjenne forhandlingsresultatet og sette i gang arbeidet.

Finansiering innafor godkjend totalramme 2007 og 2008.

#### VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)

Handsaminga

Samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.

#### SAK 10 -08: AKSJEEMISJON RETURA NORGE AS

Styret vedtek delta i ein aksjeemisjon i Retura Norge AS, jfr prospekt av 07.04.08.

VØR teknar seg for 60 nye aksjar à kr 2000,-. Totalt kr 120.000,-

Dekning kto 2050

#### VEDTAK ( 4 RØYSTEFØRE)


Handsaminga


Samrøystes vedtak i tråd med endra tilrådinga.

Rett utskrift 24.04.08

 Ivar Aarskog  
styreleiar

 Ann Britt Våge Fannemel

 Idar Flo

 Magnar Lid

 Petter Bjørdal referent

# PROTOKOLL

## STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 27.02.08 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 18.30

Desse møtte:

Ann Britt Våge Fannemel

Ivar Aarskog

Ove Lid

Reidun Vigestad Berge

Odd Martin Svensli

Gudny Fagerhol

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal,

Ann Britt Våge Fannemel leia møtet. Petter Bjørdal førte møteboka.

Det var ingen andre merknader til innkallinga.

### SAKLISTE:

#### SAK: 05-08. STRATEGIPLAN 2008

Styret tek strategiplan 2008 til vitande, og vedtek å rullere den årleg.

### VEDTAK ( 5 RØYSTEFØRE)

Handsaminga

Samrøystes vedteke etter fellesframlegg.

Rett utskrift 27.02.08


  
Ann Britt Våge Fannemel

Styreleiar

   
Ivar Aarskog      Odd Martin Svensli

  
Ove Lid

  
Reidun Vigestad Berge

  
Petter Bjørdal  
referent